

Alle foto: Even Øverbø

INFORMASJONSSKRIV

FRÅ LANDBRUKSKONTORET ØRSTA VOLDA



Nr. ekstra/2021

Årgang 30

Postadresse: Ørsta kommune, Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta

Besøksadresse: 3. etg i den "gamle" delen av Rådhuset

e-postadresse: postmottak@orsta.kommune.no

Infoskrivet vert sendt i e-post til alle som til ei kvar tid er registrert som søkjarar av produksjonstilskot, aktive skogbrukarar, og fleire andre som er knytt til næringa. Dei vi ikkje har e-postadressa til får skrivet pr. post. Send oss e-postadressa di så får du skrivet på e-post neste gong (og vi sparar porto)! Skrivet ligg og på heimesidene til kommunane Ørsta og Volda.

Innhald:	Side
Nytt om mjølkekvoteordninga	1
Endra frist gjødselspreiing Volda	1
RMP-tilskot	2
Innmarksbeite	2
Tilskotsmidlar SMIL og drenering	3
Krav til produksjon for å få produksjonstilskot	3
Plast	4

Nytt om mjølkekvoteordninga

Landbruksdirektoratet har utvikla ei ny digital løysing for melkekvoteordninga.

Innan 1. august kan eigarar av landbruks-eigedom med grunnkvote for ku- og geitemjølkk søkje om å få selje heile grunnkvota eller delar av den.

Tidligere måtte kvoteeigar fylle ut minst tre papirskjema ved sal, no vil heile prosessen skje elektronisk.

Minst 40 prosent av den mengda kvoteeigaren vil selje, må seljast til staten for kr 4,00 per liter. Ein kan selje heile grunnkvota til staten. Inntil 60 prosent kan seljast til eigarar av landbrukseigedomar innanfor same produksjonsregion til ein pris som seljar og kjøpar avtaler.

Kjøpe kvote frå staten?

Når det no vert opna opp for sal av kvote til staten så vert det og mogleg å kjøpe kvote frå staten.

Fristen for å melde seg på kjøp frå staten er 1. oktober! Det skjer og elektronisk.

Kvoteteige har endra nemning til «disponering av grunnkvote». Det er eigar som registrerer kven som skal disponere kvota. Dette skal og

vere lagt om til ei enkel elektronisk løysing. Kvoteeigar registrerer endringar i kven som skal disponere mjølkekvote i perioden 1. oktober til 1. november.

Meir utfyllande informasjon om ordningane og all innlogging skjer på landbruksdirektoratet.no

Endra frist for spreieing av husdyrgjødsel i Volda kommune

Når det gjeld frist for å spreie husdyrgjødsel så har Volda tidlegare hatt frist 1. oktober og Hornindal hadde 15. september.



I fjor haust vart det etter høyring i faglaga og framlegg for politiske utval vedteken ny forskrift for spreiefrist i Volda:

Forskrift om frist for spreieing av husdyrgjødsel, Volda kommune, Møre og Romsdal

§ 1. Føremål

Forskrifta gjeld siste frist for spreieing av husdyrgjødsel på eng utan nedmolding om hausten, og omfattar heile Volda kommune.

§ 2. Spreietidspunkt

I medhald av [forskrift 4. juli 2003 nr. 951](#) om gjødselvarer av organisk opphav mv. [§ 23](#), vert siste

dato for spreiding av husdyrgjødsel utan nedmolding i Volda sett til 15. september.

Gjeldande frist er altså **15. september**. Spreiing på eng etter den datoen krev dispensasjon. Ein finn søknad om dispensasjon på heimesida til Ørsta kommune.

Regionalt miljøprogram – tilskotsordninga RMP 2021

Alle som har rett til produksjonstilskot kan også søke om regionalt miljøtilskot. Det vert opna for å søke frå og med 15. september. Fristen for å sende søknad er 15. oktober. Ordninga er på eige skjema på landbruksdirektoratet.no.

Tiltaka du kan søke på i Volda og Ørsta:

Miljøtema 1: Kulturlandskap

Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap.

Gjeld berre Norangsfjorden!! Førebels sats: kr 125 pr. daa.

Skjøtsel av bratt areal.

Minst 5 daa med hellingsgrad 1:5 eller brattare. Skjøtselen må skje ved slått. Førebels sats: kr 240 pr. daa.



Miljøtema 2: Biologisk mangfald

Slått av slåttemark. Krav om registrering som utvald naturtype slåttemark med verdi A eller B i Naturbase. Førebels sats: kr 1.000 pr. daa.

Skjøtsel av kystlynghei. Gjeld berre Raudøya! Det må vere minimum 10 daa kystlynghei pr. sau over 1 år. Det må ligge føre skjøtselsavtale med Statsforvaltaren. Førebels sats: kr 150 pr. sau over 1 år.

Tilrettelegging av fuglebiotopar. Fugleartar som hekkar i slåttemark står i fare for å bli

utrydda. Tidleg slått kan øydelegge både reir, fuglar og ungar. Både åkerrikse, vipe, storspove og grashoppesangar er artar som er registrert som trua i Møre og Romsdal. Tiltaket er å utsette slått. Må ligge føre avtale med Statsforvaltaren. Førebels sats: kr 2.000 pr. daa.

Miljøtema 3: Kulturminner og kulturmiljøer

Drift av seter med mjølkeproduksjon og levering til meieri. Stimulere til auka bruk av setrane. Tilskot til føretak med mjølkeproduksjonen på seter. Førebels sats: kr 50.000 pr. seter.

Skjøtsel av gravminne

Formålet er å synleggjere automatisk freda. Gravminna må vere registrert. Gravminna må vere synlege på overflata og ligge på eller inntil jordbruksareal. Gravminna må skjøttast ved slått eller beiting. Førebels sats: kr 1.000 pr. minne.

Miljøtema 4: Avrenning til vatn

Vedlikehald av fangdammar

Stimulere til vedlikehald av fangdammar og skjøtsel av vegetasjonen rundt, slik at fangdammen fungerer effektivt. Førebels sats: kr 5.000 pr. daa fangdam.

Miljøtema 5: Utslepp til luft

Spreiing i vår-/vekstseson Formålet er å redusere utslepp av næringsstoff til luft og redusere avrenning til vatn og vassdrag. Tilskot kan gjevast til føretak som spreier **all** husdyrgjødsel seinast 10. august. Førebels sats: kr 55 pr. daa.

Bruk av nedleggings- eller nedfellingsutstyr

Det kan gjevast tilskot for spreiding av husdyrgjødsel ved nedfelling eller nedlegging. Førebels sats: kr 35 pr. daa.

Bruk av tilførselsslanger

Dersom vilkåra for spreiding i vår-/vekstseson eller bruk av nedleggings-/nedfellingsutstyr er oppfylt, kan det gjevast tilskot til areal der husdyrgjødsel blir spreidd med tilførselsslanger i staden for tankvogn. Førebels sats: kr 65 pr. daa.

Miljøtema 6: Klimarådgeving

Nytt tiltak i år. Tilskot kan gjevast til føretak som gjennomfører eit rådgevingssopplegg som gir ein tiltaksplan som skal ha som mål at det blir

gjennomført klimatiltak på bruket. Vilkår for tilskotet er at klimarådgevinga må ha skjedd i løpet av siste 12 månader før søknadsfristen og at det er utarbeidd tiltaksplan. Førebels sats: ?

Innmarksbeite

Det har vore ein debatt om dette med innmarksbeite. Særleg har mange reagert på omklassifisering som er utført av NIBIO i samband med vedlikehald av gardskarta (AR5-kartbasen). Større areal i både kommunane har endra status frå innmarksbeite til skog.

Generelt gjeld det at for at eit areal skal vere klassifisert som innmarksbeite så skal det ha god dekning med kulturgras og det skal vere eit tydeleg kulturpreg. Forenkla sagt så skal det vere som å sjå ei ujamn eng med innslag av tre og stein.

Ved etablering av nye beiteareal ved t.d. løyving av SMIL-midlar så vert ikkje arealet automatisk eit innmarksbeite, som kan få produksjonstilskot. Ofte vil det gå fleire år frå gjerdning/rydding til omklassifisering skjer. Hastigheita på prosessen avheng av kor hardt eit beitar, om ein gjødslar, sår inn kulturgras og jamnleg rydding/hogst.

Innmarksbeite har tydeleg kulturpreg og vegetasjonen er dominert av kulturgrasartar, der det er tilstanden avgjer. Ta kontakt om du vil ha vurdert areal.



Tilskotsmidlar SMIL og drenering – status juni 2021

I skrivande stund så er dei pottane vi har fått til SMIL-tiltak så godt som oppbrukt.

Når det gjeld midlar til drenering så har vi godt med midlar att. Vi ser at fleire grøftar jord utan at

det vert søkt om tilskot. Kanskje ein meiner at satsane er for låge og ikkje verdt arbeidet med å søkje. Vi trur likevel at om ein reknar timesbetaling for tilskotssøknaden så vil ein få godt betalt for arbeidet.

Vi oppmodar difor fleire til å søkje tilskot til drenering – då før ein tek til med arbeidet.

Krav til produksjon for å kunne søkje produksjonstilskot

Når landbrukskontoret handsamar søknadane om produksjonstilskot får vi no og då varsel om låg produksjon. Namnet «produksjonstilskot» tilseier at ordninga er tilskot som kan ytast til den som har ein produksjon og leverer eit produkt.

Varsla kjem når leveransen er låg eller mangelfull. Reglane seier at ein skal ha «vanleg jordbruksproduksjon».

Med vanleg jordbruksproduksjon meiner ein at:

- Produksjonen har eit næringsmessig preg. Dersom føretak driv for ekstensivt eller mangler næringsmessig forankring skal tilskott avslås.
- Omsetjing av jordbruksprodukt må stå i forhold til det antall dyr ein søker tilskot for.
- Vi skal ha ein sikkerhetsmargin for å ta høgde for normalvariasjonar i drifta, og føreta skjønsmessige vurderingar.
- I saueproduksjonen er tal fødte lam eit viktig grunnlag for økonomien i sauehaldet og slaktevekta på lamma er vesentlig. Ligg slaktevekta vesentleg under det som er normalt for rasen, d.v.s. mindre enn 70 % av snittvekt, er dette ein indikasjon på at produksjonen ikke er "vanleg". For tilskotsberettiga sauehald (næring og ikkje hobby) vert det kravd at brorparten av lamma vert levert til godkjent slakteri. Vi kan ta omsyn til at lam vert sett på til liv i eiga besetning. Sal av livdyr er og næring. Heimeslakt til sjølvberging/gåver er ikkje næring.

Landbrukskontoret skal i handsaminga sjå til at søkjarane held krava til produksjonstilskot. Dette er viktig for å legitimere ordningane.

Landbruksplast

Minner om dette med plast/rundballeplast. Vi får telefonar om plast som ligg langs vegar mv.

Ofte skuldast dette enden som heng og sleng og som ikkje har kleba seg til ballen. Denne vert fort riven av når ein køyrer over den .

Har nokon ein god ide til korleis ein får bort enden/halen så vankar ein premie ☺

Lag gode rutinar for oppsamling, sortering og levering av landbruksplasten.






Ikkje brenn eller grav ned plasten – det slår attende på heile næringa.

La oss vise at dette er vi gode på.

Alle partar tener på at vi er vårt ansvar bevisst.

Vi oppmodar alle om å ta ein sjekk på eigne rutinar, og ta ein runde på garden for å samle inn plast som ligg fritt.

Tilsette ved kontoret:

	Liv Bente Viddal Tlf 907 04 008 E-post: liv-bente.viddal@orsta.kommune.no Liv Bente er leiar for kontoret og for seksjonen kultur og landbruk i Ørsta. Ho handsamar m.a. jordlovsaker og har hjorteviltforvaltninga i Ørsta, og konsesjonsaker. Registrerer eigenfråsegner om konsesjonsfridom i matrikkelen.
	Dorota Wozna Tlf 907 23 453 E-post: dorota.wozna@orsta.kommune.no Dorota er sakshandsamar for tilskotsordningane for drenering, SMIL, produksjonstilskot Volda, sjukdomsavløyning, mv.
	Åshild Steinnes Tlf 907 04 501 E-post: ashild.steinnes@orsta.kommune.no Åshild er sakshandsamar for produksjonstilskot Ørsta, arkiv, landbruksregisteret, møtesekretær, plantevern, mv.
	Jan Endre Nesdal Tlf 902 55 815 E-post: jan.endre.nesdal@orsta.kommune.no Jan Endre følgjer opp eldre saker frå Hornindal no i starten. Han er sakshandsamar for produksjonstilskot og RMP Hornindal, UKL-ordninga, oppfølging av driveplikt i Volda, mv.
	Peder Magnussen Tlf 452 82 680 E-post: peder.magnussen@orsta.kommune.no Peder er skogansvarleg ved kontoret. I tillegg til alt innan skogbruk har han viltforvaltninga i Volda. Han har foreldrepermisjon i 50% fram til ut juni månad.
	Børild Skåra Tlf 906 99 240 E-post: borild.skara@orsta.kommune.no Børild er sakshandsamar for jordlovsaker i Volda, RMP, beitelaga, gardskart, Innovasjon Norge, nydyrking, driveplikt Ørsta, mjølkekvoter, mv.